

REVIDERTE VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I STORD KOMMUNE (Gjeld frå 1.8.2018)



§ 1. FØREMÅL

Skulefritidsordninga er eit omsorgs – og fritidstilbod i hovudsak for barn på 1.-4. trinn. I tillegg gjeld ordninga også for barn med særskilte behov på 5.-7.trinn. Tilbodet vert gitt utanom den obligatoriske skuledagen for 1. – 4. trinn. Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på leik, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 2. EIGARFORHOLD

Stord kommune er eigar og ansvarleg for drifta ved dei kommunale skulefritidsordningane.

§ 3. VEDTAKSMYNDE/OPPTAKSMYNDE

Rektor har mynde til gjera vedtak om opptak i ordinær SFO ved sin skule og til sommar SFO og SFO på skulefrie dagar. Den kommunale klagenemnda er klageinstans.

§ 4. OPPTAKSKRITERIUM

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. klassetrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. klassetrinn.

Føresette kan søkja, og få tilbod om ordinær SFO plass på den skulen der eleven er innskriven.

Barn med særskilte behov og barn på lågare klassetrinn vert prioritert framfor barn på høgare klassetrinn.

§ 5. OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING AV SKULEFRITIDSPASS

Opptaksperiode

Søknadsfristen er 01. april og vedtak/opptak skjer kontinuerleg fram til skulestart. Dersom det er plass kan skulen gje tilbod om SFO til elever og ut over denne fristen. Elevane får behalda tildelt plass inntil den vert endra eller sagt opp, eller eleven sluttar på 4. trinn.

Føresette kan søkja om sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar, søknadsfristen er 1. april. Tilbodet om sommar SFO, og/ eller SFO på skulefrie dagar vert gitt for eit skuleår ved ein av barneskulane i kommunen.

Endring og oppseiing

Føresette kan sei opp eller endra plassen med minst to månads varsel, og gjeldande frå den 1. i påfølgjande månad. Oppseiing og endring utførast elektronisk via foreldrepålogging i administrasjonssystem.

Det må betalast for opphald i oppseiingstida, også for ubenyttat plass. Dette gjeld og tilbodet om sommar SFO, og/ eller SFO på skulefrie dagar.

Føresette kan ikkje sei opp eller redusera plass etter 1. mars, med verknad frå 1. april. I tilfelle dette skjer, vil foreldrebetaling likevel løpa til neste skuleår byrjar. skuleåret

§ 6. FORELDREBETALING

Stord kommunestyre fastsette årleg betalingsssatsar for SFO. Betaling for kost kjem i tillegg. Kvar skulefritidsordning fastset satsar for matpengar i henhold til sjølvkost.

For barn med særskilte behov er SFO gratis på 5.-7.trinn.

Stord kommune kan belasta fakturagebyr for å dekkja administrasjonskostnad til utsending av

papirfaktura.

For SFO i skuleåret skal det betalast for 10 månadar med betalingsfrist den 20. kvar månad.

Sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar skal det betalast ekstra for.

Ordninga gjev ikkje høve til søskenmoderasjon.

Det er høve til å ta ekstra betaling til mat, turar og utflukter.

For sein betaling vil føra til morarente.

§ 7. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Dei kommunale SFO-ane disponerer ute- og inneareal som er eigna til føremålet ved den enkelte grunnskule.

§ 8. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID

Ordnær skulefritidsordninga fylgjer skuleåret. Dagleg opningstid er normalt mellom kl.06.45 –kl.16.15.

Tilbod:

Tilbod	Plass i prosent
Fem dagar i veka frå kl.6.45 til kl.16.15	100 %
Fem dagar i veka frå kl.6.45 til skulestart	50 %
Fem dagar i veka frå skuleslutt til kl.16.15	80 %
Fire dagar i veka frå kl.6.45 til kl.16.15	80 %
Fire dagar i veka frå skuleslutt til kl.16.15	60 %
Turnus: Fem dagar i veka frå kl.6.45 til kl.16.15 (10 dagar pr. månad)	50 %

Det blir gitt tilbod om sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar til elevar frå alle barneskulane i Stord. Tilbodet vil bli gitt på ein av barneskulane. Tilsette i ordninga skal gjennom skuleåret delta på planleggingsdagar.

Alle barn må ta ut minst fire veker ferie i løpet av året – herav minst tre sammanhengande veker sommarferie innanfor same tidsrom som skulen har sommarferie.

§ 9. BEMANNING OG LEIING

Rektor har det administrative, pedagogiske og økonomiske ansvar for skulefritidsordninga på kvar skule. Innan dei rammene som brukarbetalinga gir, kan rektor setja av ressursar til ein koordinator/leiar i ordninga.

Leiar for SFO deltek på samarbeidsmøte ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga primært, og i saker som gjeld annan drift av skulen, dersom desse grip inn i skulefritidsordninga.

Samarbeidsutvalet ved skulen er styre for skulefritidsordninga. Utvalet bør utvidast med ein representant for dei tilsette i skulefritidsordninga i saker der det er ynskjeleg. Det same gjeld for foreldrerepresentant for skulefritidsordninga. Dei har då møte – tale – og stemmerett.

Rettleiande bemanningsfaktor er 15 barn pr. vaksen. Det blir i tillegg tildelt ressursar av dei frie inntektene til kommunen, til SFO-grupper som har barn med særskilte behov.

Alle som blir tilsette i SFO, må leggja fram politiattest.

§ 10. VALIDITET

Endringar i desse vedtektene vert vedteke av kommunestyret.